



Kompetent,
open og modig



Sogndal vgs.
Vestland fylkeskommune



Velkommen til Sogndal vidaregåande skule

Vi er opptatt av at du skal trivast hos oss, og vi er opne, rause og inkluderande med kvarandre. Saman skal vi jobbe for å få fram lærelyst og motivasjon hos elevane slik at dei fullfører vidaregåande opplæringa.

Ved skulen er det om lag 750 elevar og 130 tilsette og alle er opptatt av deg som elev. Hos oss møter du elevaktiv undervisning, medverknad i klasserommet, variert undervisning og vurderingspraksis.

Vi har eit breitt tilbod innanfor studiespesialiserande, idrett og yrkesfag. For oss er det viktig med eit nært samarbeid med lokalt næringsliv slik at opplæringa er praktisk retta og gir elevane gode moglegheiter for relevant praksis i bedrift.

Det meste av opplæringa går føre seg på Fosshaugane Campus i Sogndal. Opplæringa for yrkessjåfør er på Kaupanger.

Velkomen som elev ved skulen!

*Beste helsing
Jorunn, rektor*

God helse gir
betre læring!





Sjå filmen vår




Vi tilbyr

- ▶ eit godt læringsmiljø med engasjerte lærarar
- ▶ god rådgjeving
- ▶ tilpassa opplæring til den enkelte elev
- ▶ eit trygt og godt skulemiljø for alle



Studietilboda våre

- ▶ bygg- og anleggsteknikk
- ▶ elektro og datateknologi
- ▶ helse- og oppvekstfag
- ▶ idrettsfag
- ▶ restaurant- og matfag
- ▶ sal, service og reiseliv
- ▶ studiespesialisering
- ▶ teknologi- og industrifag
- ▶ vaksenopplæring
- ▶ kombinasjonsklasse



Eit godt skulemiljø

Vi er opptatt av at elevane skal trivast, og jobbar heile tida med å byggje eit trygt og godt skulemiljø der alle blir inkludert.

Nokon å snakke med

Alle tilsette på Sogndal vidaregåande skule er engasjert i at elevane skal trivast og få godt utbyte av opplæringa. Treng du nokon å snakke med om helse, skulemiljø, vidare utdanning/ jobb eller andre ting, så har skulen både rådgjevarar, arbeidslivskontakt, miljøkoordinator og helsesjukepleiar som er tilgjengeleg for alle elevar.

Biblioteket – arbeid i fred og ro eller få nye impulsar

Biblioteket Kjeldeteigen inneheld bøker, blad, ordbøker og aviser. Her kan du få hjelp frå vår dyktige bibliotekar eller bruke grupperom, leseplassar og sofa for å jobbe med fag eller kople av.





Kantine

Har du det litt for travelt om morgonen til å ete frukost eller lage niste? Då er det bra at vi har gratis skulefrukost, og ei kantine med stort utval av wraps, frukt, salat, yoghurt og drikke kvar dag.



Studiespesialisering

Studiespesialisering er for deg som er interessert i teoretiske fag og vil ta utdanning på høyskule eller universitet i Norge eller i utlandet. Om du er glad i å lese og skrive og er interessert i norsk, fremandspråk, samfunnsfag, økonomi og realfag er dette noko for deg.

Utdanninga er treårig og gir deg generell studiekompetanse. Du kan òg velje fag som gir spesiell studiekompetanse.

Oppbygning

Første året (vg1) er felles for alle.

Andre året (vg2) og tredje året (vg3) skal du velje tre programfag kvart av åra. Minst to av programfaga må du ha begge åra, og desse må vere frå same programområde, anten realfag eller språk- og samfunnsfag.

Du kan f.eks. bli

- sjukepleiar
- lege
- veterinær
- lærar
- ingeniør
- jurist
- økonom
- forskar

Arbeidsplassar

- sjukehus
- domstol
- politistasjon
- kommuneadministrasjon
- advokatkontor
- konsultentselskap
- ingeniørbedrift
- skule og barnehage
- universitet





Idrettsfag

Idrettsfag er for deg som likar trening, friluftsliv og fysisk aktivitet. Du kan velje toppidrett fotball eller breiddeidrett som gir deg eit meir allsidig aktivitetstilbod.

Utdanningsprogram idrettsfag gjev ein variert kvardag med veksling mellom teorifag og trening, samtidig som at du etter 3 år kan studere vidare på dei aller fleste høgskular og universitet. Du får god kjennskap til riktig trening gjennom teori og praksis, som kan gje eit godt grunnlag for deg sjølv som idrettsutøvar og som rettleiar innan idretten.

Du får delta på fleire turar

- fjelltur • snøholetur • kanotur • kystfriluftsliv
- surfing • bretur • skitur/skiveke • sykkelstur

Oppbygning

Utdanninga er treårig og fører fram til generell studiekompetanse. **Første året (vg1), andre året (vg2) og tredje året (vg3)** vel du programfag som kan vere spesialisering innanfor idrettsfag.



Du kan f.eks. bli

- sjukepleiar
- fysioterapeut
- idrettspsykolog
- personleg trenar
- lærar
- idrettskonsulent eller rådgjevar innanfor fysisk aktivitet og helse
- leiar innanfor naturbasert friluftsliv og turisme
- politi, befall eller offiser

Arbeidsplassar

- skular
- treningssenter
- idrettsorganisasjonar
- behandlingsinstitusjonar
- Forsvaret
- Politiet

Du lærer om

- fysisk aktivitet og trening
- treningsleiing
- helse, kosthald og kroppens oppbygging
- teoretiske fag



Elektro og datateknologi

Dette er utdanninga for deg som er interessert i elektronikk og tele- og datakommunikasjon. Utdanninga kvalifiserer til mange spennande yrke innanfor installasjon, drift og vedlikehald.

Vi jobbar mykje på verkstaden med praktiske oppgåver, i tillegg til å ha teori i klasserommet.

Oppbygning

Første året (vg1) er felles for alle.

Andre året (vg2) tilbyr vi

- vg2 datateknologi og elektronikk
- vg2 elenergi og ekom
- vg2 køyretøy

Tredje året (vg3) tilbyr vi

- vg3 dataelektronikk

Etter to eller tre år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Dersom du vil studere vidare på høgskule eller universitet kan du ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Du kan f.eks. bli

- elektrikar, elektroreparatør eller energioperatør
- tavle-, signal eller heismontør
- avionikar eller flymekanikar
- romteknolog
- data- eller produksjonselektronikar
- automatikar
- FU-operatør

Arbeidsplassar

- skular
- offentlege eller private bedrifter
- prosess- eller elektronikkindustrien
- mekanisk industri
- energiverk
- jernbanedrift
- databransjen
- flybransjen
- oljebransjen

Du lærer om

- installasjon og vedlikehald av elektriske og elektroniske system
- montering, kopling og programmering
- reparasjon av elektrisk utstyr
- utvikling av nye elektroniske produkt
- konfigurering og programmering av utstyr og komponentar
- tryggleik og dokumentasjon

Restaurant- og matfag

Dette er utdanninga for deg som har sans for god mat og drikke, er kreativ og nøyaktig og har interesse for kosthald og helse.

Utdanninga kvalifiserer til mange spennande yrke innanfor matlaging, kosthald og ernæring.

Oppbygning

Første året (vg1) er felles for alle.

Andre året (vg2) tilbyr vi

- vg2 kokk- og servitørfag

Etter to år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Dersom du vil studere vidare på høgskule eller universitet kan du ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Du kan f.eks. bli

- kokk
- servitør
- bakar eller konditor
- pølsemakar eller kjøttskjerar
- slaktar eller ferskvarehandlar
- fagarbeidar i sjømatproduksjon eller industriell matproduksjon

Arbeidsplassar

- hotell- og restaurantnæringa
- sjukehus og helseinstitusjonar
- næringsmiddelindustrien
- bakeri, konditori eller slakteri
- forretningar som sel ferskvarer

Du lærer om

- kosthald, næringsmiddel og ernæring
- tillaging og servering av mat
- behandling av råvarer, mat og drikke
- mattradisjonar
- helsefremjande livsstil og hygiene





Teknologi- og industrifag

Dette er faget for deg som er interessert i maskiner og mekanikk, og vil vere med å påverke samfunnet gjennom spennande jobbar i industrien. Her brukar vi mykje tid på verkstaden i tillegg til å ha teori i klasserommet.

Oppbygning

Første året (vg1) er felles for alle

Andre året (vg2) tilbyr vi

- vg2 køyretøy
- vg2 anleggsteknikk
- vg2 transport og logistikk

Tredje året (vg3) tilbyr vi

- vg3 yrkessjåførfaget


Etter to eller tre år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Dersom du vil studere vidare på høgskule eller universitet kan du ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Du kan f.eks. bli

- sveisar eller platearbeidar
- verktøymakar eller finmekanikar
- faglaborant eller operatør i kjemisk prosessindustri
- bilskadereparatør, bilmekanikar eller billakkerar
- logistikkoperatør
- yrkessjåfør
- anleggsmaskin-, landbruksmaskin- eller motormekanikar
- bore- eller brønnoperatør
- matros eller motormann

Du lærer om

- produksjonsplanlegging og produksjonsprosessar
- automatisering og programmering av robotar
- maskiner og produksjonsutstyr
- køyretøy og transport
- kjemiske prosessar og kjemiteknikk
- helse, miljø og tryggleik



Helse- og oppvekstfag

Dette er faget for deg som er omsorgsfull, flink til å kommunisere og likar å samhandle med andre. Utdanninga kvalifiserer deg til mange spennande yrke der du kan jobbe med menneske.

Oppbygning

Første året (vg1) er felles for alle

Andre året (vg2) tilbyr vi

- vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag
- vg2 helsefagarbeidar

Etter to år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Dersom du vil studere vidare på høgskule eller universitet kan du ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.



Du kan f.eks. bli

- helsefagarbeidar
- ambulansearbeidar
- portør
- aktivtør
- barne- og ungdomsarbeidar
- apotekteknikar
- helsesekretær eller tannhelsesekretær
- hudpleiar eller fotterapeut
- ortopediteknikar

Arbeidsplassar

- sjukehus
- heimeteneste
- barnehage og skulefritidsordning
- apotek
- tannlege- eller legekontor
- fot- eller hudpleiesalong

Du lærer om

- helsefremmande arbeid
- fysisk og psykisk helse
- korleis kroppen er oppbygd
- kommunikasjon og samhandling
- barn og unges utvikling
- kost, ernæring og hygiene



Bygg- og anleggsteknikk

Dette er faget for deg som er praktisk anlagt og kan sjå for deg å jobbe i byggebransjen. Det er ca. 22 fag som rekrutterer lærlingar frå bygg- og anleggsteknikk, så du har ei rekkje spennande yrke å velje mellom.

Oppbygging

Første året (vg1) er felles for alle.

Andre året (vg2) tilbyr vi

- vg2 tømrar
- vg2 betong og mur
- vg2 rørleggjar
- vg2 anleggsteknikk
- vg2 klima-, energi- og miljøteknikk

Etter to år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Dersom du vil studere vidare på høgskule eller universitet kan du ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Du kan f.eks. bli

- veg- og vedlikeholdsfag
- asfaltør
- anleggsgartnar
- anleggsmaskinførar
- målar
- murar
- tømrar
- rørleggjar
- stillasbyggjar
- taktekkjar
- blikkenslagar
- snikkar
- ventilasjonsarbeidar

Arbeidsplassar

- offentlig eller privat verksemd
- store og små handverksbedrifter
- industri- eller entreprenørbedrifter

Du lærer om

- produksjon og oppføring av nye bygningar og anlegg
- ombygging og vedlikehald
- klima og teknologi
- bruk av teikningar, skildringar og utrekningar
- kvalitet og tryggleik
- ulike materialar

Sal, service og reiseliv

Dette er faget for deg som er serviceinnstilt, likar å hjelpe folk og er interessert i ulike kulturar og tradisjonar. Det er eit godt utdanningsval dersom du vil jobbe med kundebehandling eller kanskje starte di eiga bedrift.

Oppbygning

Første året (vg1) tek du sal, service og reiseliv der du vel programfag og kan starte ungdomsbedrift.

Andre året (vg2) tilbyr vi

- vg2 sal og reiseliv

Begge skuleåra er du utplassert i bedrift ein dag i veka.

Etter to år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Dersom du vil studere vidare på høgskule eller universitet kan du ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Du kan f.eks. bli

- eigedomsmeklar
- butikksjef eller butikkmedarbeidar
- flyvert eller flyvertinne
- marknadsjef
- resepsjonssjef eller resepsjonsmedarbeidar
- vektar
- turistguide eller reiselivsmedarbeider
- administrasjonskoordinator


Arbeidsplassar

- offentlege verksemder
- kontor
- bibliotek, service- og
- informasjonssenter
- private bedrifter
- hotell, reiseliv og turisme
- butikk
- vaktelskap eller alarmsentralar
- flyplassar

Du lærer om

- marknadsføring, entreprenørskap og innovasjon
- reiseliv og turisme
- kundebehandling og sal
- planlegging og gjennomføring av tryggleikstiltak
- økonomisk og berekraftig drift
- administrasjon og digitale verktøy





Vaksenopplæring


Dersom du er over 19 år og ikkje har fullført vidaregåande utdanning før, har du rett til vaksenopplæring og kan få tilbod om gratis opplæring. Andre kan også søkje og få tilbod om opplæring dersom det er ledige plassar.

Sogndal vidaregåande skule tilbyr vidaregåande opplæring for vaksne innan fleire fagfelt.

Oversikta over tilboda 2025–2026 er følgjande

- Studiekompetanse i faga norsk, historie og naturfag
- Bygg og anleggsteknikk vg1
- Tømrar vg2
- Kokk og servitør – Gloppenmodellen vg3
- Kokkfaget – Modulstrukturert opplæring
- Helsefagarbeider – Modulstrukturert opplæring

Du finn meir informasjon på Vestland fylkeskommune sine sider:



Kombinasjonsklasse

Dette er eit tilbod for deg som er mellom 16 og 24 år, og som treng meir grunnskuleopplæring før ordinær vidaregåande opplæring. Du får opplæring i grunnskulepensum over eitt eller to år, der du avsluttar med grunnskuleeksamen.

Tilbod for minoritetsspråkleg ungdom

Skuleåret 2025/26 har vi tre kombinasjonsklasser. Mange av elevane hos oss vel å ta opplæringa over to år for på den måten å sikre at dei greier å fullføre vidaregåande skule.

Tilbodet omfattar til vanleg desse faga: norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag, naturfag, utdanningsval og kroppsøving. Etter å ha teke grunnskuleeksamen, er du betre rusta til seinare å starte på vidaregåande skule.

Elevane har ulike skulebakgrunn, og kan få inntak etter ulike vilkår.

- Elevar som ikkje har skulebakgrunn frå heimlandet som svarar til norsk grunnskule, dvs. minimum 9 år med opplæring.
- Elevar som har avslutta ordinær grunnskule i Noreg, men som på grunn av kort butid treng meir opplæring.
- Elevar som kan dokumentere minimum 9 år grunnskule frå heimlandet, men som ønskjer/treng eit betre grunnlag før inntak til vidaregåande skule.

Kommunane kartlegger språkferdigheitene til dei som søker.

Søknadsfristen for kombinasjonstilbodet/GMU er 1. februar.

Det ligg meir informasjon om tilbodet på Vestland fylkeskommune sine nettsider.





**Vi takkar våre
samarbeidspartnarar for
bidraga til denne
brosjyra**

metrostav
Metrostav Norge AS

**Kickstart karrieren din
– bli med på laget!**

Vær med å forme fremtiden
– bygg broer og tunneler sammen med oss!



**SOGN
ENTREPRENØR AS**

Tlf. 970 57 470
post@sognentreprenor.no
www.sognentreprenor.no



Nortura Sogndal produserer Spekepølser og pinnekjøtt under merkenavnet Gilde. Me er ein av Norges største matvareprodusentar, og held til midt i Sogndal sentrum.



Driver du med terrengsykling og ønsker å bidra til utviklingen av sykkelanlegg i hele Norge?

Bli lærling i Rekkje Stiutvikling AS!


Rekkje Stiutvikling AS har som mål til å gjøre terrengsykling bedre for alle i Norge. Vi jobber med å utvikle og vedlikeholde sykkelanlegg av høyeste kvalitet. Har du interesse for fysisk arbeid, anleggsmaskiner, er praktisk anlagt og liker å skru på maskiner?

Ta kontakt!



njal@rekkje.no | (+47) 456 11 988 | www.rekkje.no





NORSK INDUSTRI

MED SIN BEREKRAFTIGE PRODUKSJON
HAR EIN NATURLEG PLESS I FRAMTIDA,
OG TRENG DI ARBEIDSKRAFT

Vik Ørsta jobbar for å skape trygge samfunn med lokalproduserte trafikksikringsløyser. Gjennom dette bidreg vi til å nå visjonen om null drepte og hardt skadde i trafikken.

Bedrifta er lokalisert i Vik i Sogn og i Ørsta, og er ein del av konsernet Saferoad. No og i framtida har vi behov for kompetanse innan produksjon, automasjon, berekraft og utvikling.

Lær meir om oss: vikorsta.no

Tips når du skal velje utdanning:

1. Vel noko du synest er interessant.
2. Ikkje ver redd for å velje feil, du kan alltid bytte eller prøve på nytt.
3. Tenk at du skal utvikle deg og bygge på heile livet, du treng ikkje lære alt no.



Kickstart på karrieren?

Drømmer du om ein spennande jobb innean teknologi, digitalisering og innovasjon? Digdir i Leikanger tilbyr læreplassar og traineestillingar der du kan jobbe med ulike prosjekt innen utvikling, web, app eller backend.

Bygg din CV med praktisk erfaring – mens du lærer av dei beste.
Hos oss kan du få til meir enn du trur!

[Digdir.no/6851](https://digdir.no/6851)



Likar du liv og røre?

Lærdal kommune

Eller å nyta skogens ro?

I Grøne Lærdal finn du begge deler og alt i mellom!



Meny Sogndal

Bli lærling hjå oss!

Hovevegen 8, Sogndalsfjøra
Tlf: 57 67 69 50 • nils.oy@meny.no

HOLEN
INSTALLASJON

www.holeninstallasjon.no

med **rasande flinke**
straum og slikt

elfag

SOGNDAL • GAUPNE • VIK • LEIKANGER | Årøyvegen 14, 6856 Sogndal | tel: 57 67 75 00 | post@holen-installasjon.no

MASKINENTREPRENØR
BJARTE LUND
 GRUNNARBEID • GRÅSTEINSMURING
Tlf.: 977 16 608



Kvalitetssikkert bilverksted
 i Kaupanger og omegn

 **Fredheim** 
Maskin & Betong AS
 Manhellervegen 556, 6854 KAUPANGER



Over 20 års erfaring i bransjen

post@fredheimmaskinogbetong.no • fredheimmaskinogbetong.no



«Jeg er Karoline, og
 er lærling i Hæhre!»



Som lærling i Hæhre blir du en del av et inkluderende og engasjerende arbeidsmiljø, der du får muligheten til å lære av dyktige og erfarne kollegaer.

www.akh.no

Søknadfrist
1. mars



Sogndal vgs.
Vestland fylkeskommune

Sogndal vidaregåande skule
Lunnamyri 2, 6856 Sogndal

Telefon: 576 76 400
E-post: postsogv@vlfk.no

I 3.etasje finn du ekspedisjonen
ved skulen. Her kan du ta
kontakt dersom du lurar på noko.

Ekspedisjonen er open kvar dag
i tidsrommet 08:00 – 15:30.

Les meir på:
vilbli.no

www.sogndal.vgs.no